


4

Stadtmuseum  
Münster

29 JUN 1992



# Fiskets Gang

Nr. 4 - 1992

## Kan oljeindustrien og fiskerinæringa leve sammen?

Vi har hatt oljeindustri i Norge i 20 år. Konfliktene har vært mange mellom fiskerinæringa og oljeindustrien – og de har gått på flere plan.

Når det gjelder seismiske undersøkelser er konflikten todelt. Det ene aspektet går på biologi. Skades egg og larver av seismiske aktiviteter? Bli fisker skremt av skytingen med luftkanoner og vil det i så fall forstyrre gytingen?

Det andre aspektet går på arealbruken. Det oppstår stadig konflikter mellom fartøy som driver fiske og seismiske fartøy i arbeid.

Vi i fiskeriforvaltningen får melding fra Oljedirektoratet om undersøkelser som skal utføres. Vår praksis er at vi frarår undersøkelser i gyteperioder og i områder med høy konsentrasjon av egg og larver. Vi frarår også seismiske undersøkelser dersom det vil være stor fiskeriaktivitet i området undersøkelsene skal foregå. I tillegg er det et krav at det skal være en fiskerikyndig person ombord på alle seismiske fartøy.

Olje- og energidepartementet skal gi tillatelse til alle utbygginger på norsk sokkel. Før slik tillatelse blir gitt skal det legges fram en «plan for utbygging og drift» med en del som omhandler konsekvenser for miljø og næringsinteresser.

Problemet med disse utredningene er at de kun tar for seg et mindre område, virkningene av den samlede oljevirkksomheten for andre interesser blir ikke vurdert. Denne «bit for bit» metoden gir ikke et riktig grunnlag for å vurdere hvilken virkning en utbygging vil ha. Derfor er det nå satt igang et arbeid i Fiskeri- og Miljøverndepartementet for å på større helskap i vurderingene.

I dag har en i stadig større grad valgt å bygge ut marginale felt ved hjelp av undervannsteknologi. Oljeselskapene hevder at de for å få lønnsomhet i slike utbygginger må få unntak fra sikkerhetsforskriftenes krav til overtrålbarehet. Det blir hevdet at økonomien i utbyggingene blir vesentlig bedre dersom ein kan opprette begrensingssoner for fis-



keriene. For fiskerinæringa vil dette bety at store fiskefelt blir båndlagt i lang tid framover.

Fra høsten 1975 begynte det å komme inn krav fra fiskerne om erstatning fra Staten, noe som førte til at det ble fastsatt en midlertidig erstatningsordning for skade på redskap og fartøy som skyldes oljevirkksomheten fra juni 1976. Denne ordningen ble avløst av et eget kapittel VI i Petroleumsloven av 1.7.1990 om erstatning til norske fiskere. Dette kapitlet omhandler erstatning som følge av beslagleggelse av fiskefelt, forurensing og avfall og skadevoldende innretninger. Staten skal dekke erstatningsom følge av beslagleggelse av fiskefelt og rettighetshaverne skal dekke tap som følge av forurensing og avfall og skadevoldende innretninger. Etter en del problem i starten fungerer ordningen nå bedre.

*Gunn Karin Karlsen*  
Gunn Karin Karlsen

# Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

78. ÅRGANG  
Nr. 4 – Mai 1992  
Utgis månedlig  
ISSN 0015-3133

Ansv. redaktør:  
Sigbjørn Lomelde  
Kontorsjef

Redaksjon:  
Per-Marius Larsen  
Dag Paulsen  
Kari Østervold Toft

#### Ekspedisjon/Annonser:

Esther-Margrethe Olsen  
Linda Blom Vik

#### Fiskets Gangs adresse:

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185, 5002 Bergen  
Telf.: (05) 23 80 00

Trykt i offset

John Grieg Produksjon A/S

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgirokonto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 200,- pr. år. Denne pris gjelder for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 330,- pr. år. Utland med fly kr. 400,-. Fiskerifagstudenter kr. 100,-.

#### ANNONSEPRISER:

1/1 kr. 4.700,- 1/4 kr. 1.500,-  
1/2 kr. 2.400  
Eller kr. 7,80 pr. spalte mm.  
Tillegg for farger:  
kr. 1.000,- pr. farge

VED ETTERTRYKK FRA  
FISKETS GANG  
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE

ISSN 0015-3133

## INNHold – CONTENTS

<b>Aktuell kommentar</b> – <i>Current comment</i>	2
 <b>Petro Piscis '92:</b> <b>Lovgivninga –</b> <b>Gir loven den sterkaste rett?</b> – <i>Legislation –</i> <i>Survival of the fittest?</i>	4
<b>Vidar Ulriksen:</b> – <b>Vi må sjå hellskapen i oljeutbyggingane</b> <i>Norwegian Fishermen's Association:</i> – <i>Views on oil development</i>	7
<b>Fiskeri og seismikk – kva veit vi?</b> – <i>Today's knowledge on relations between fisheries and seismic activity</i>	9
<b>Peter Ørebech:</b> <b>Erstatning – på kva grunnlag?</b> – <i>Economical compensation – on what basis?</i>	11
<b>Undervassinstallasjonar må tilpassast fiskeria</b> <i>Submarine installations must be fitted fishing activities</i>	12
<b>Direktør Odd Nakken ved HI blir forsker igjen:</b> – <b>Usikkerheten i bestandsvurderingene må brukes med forstand!</b> – <i>Director of Institute of Marine Research returns to science</i>	16
<b>Storstilt redningsaksjon for hummeren</b> <i>Action taken to resque declining stock of lobster</i>	18
<b>Historikk:</b> <b>Er lodden til å stole på?</b> – <i>Can the capelin stock be trusted?</i>	22
<b>Nor-Fishing '92 i rute</b> <i>All set for Nor-Fishing '92 – International Fishing Exhibition in Trondheim</i>	25
<b>Frankrike:</b> <b>Ferskfiskmarkedet organiseres</b> – <i>The French fresh-fish market</i>	27
<b>Tiltak for bedre kvalitet:</b> <b>Fiskernes synspunkter og prioriteringer</b> – <i>Views from the Fishermen on initiatives to improve quality</i>	32
<b>18,4 mill. til fiskeleiting og forsøk i år</b> – <i>New grants for search and experiments</i>	39
<b>Lodda i Barentshavet – har den kommet for å bli?</b> – <i>Capelin in the Barents Sea – here to stay?</i>	41
<b>Havbruksforvaltning på skolebenken</b> – <i>More attention paid on technical aspects of fish farming</i>	43
<b>J-meldinger</b> <i>Laws and regulations</i>	46
<b>Statistikk</b> <i>Statistics</i>	47



# Gir loven den sterkaste rett?

Erstatningsrett, kompensasjon for tap av fisket og «eigedommsrett» til fisket var mellom dei tema som vart grundig belyst under Petro Piscis. Heilt sidan oljeutvinninga i Nordsjøen tok til for omlag 20 år sidan, har det vore konflikttar mellom dei forskjellige brukarane av havet. Etter kvart har vi fått ei lovgiving her til lands som regulerer tilhøva, men vegen fram har vore komplisert.

Professor Carl August Feishner (i midten) tok for seg spørsmål knytt til kompensasjon for tapte fisket og andre erstatningsordningar. Advokat Peter Ørebach (t.h.) snakka om alminnelig eigedommsrett med vekt på retten til å driva fiske, medan avdelingsdirektør Arne Wåge (t.v.) tok for seg korleis kompensasjonsordningane til norske fiskarar har fungert.



## Kven eig?

Konkurrerende bruka av havet har ført til konflikttar. – Politisk som juridisk må vi ta med i vurderingane at fiskeria representerte hausling av ein fornybar ressurs, medan offshore operasjonar innfor eit rimelig tidsperspektiv betyr at ein ikkje fornybar ressurs blir brukt og fjerna, påpeikar Feishner.

Ein problemområde er knytt til mangel på eigedommsrett til sjøområde og fiskeressursar. – I prinsippet er tilhøvet for kvar ein-kild fiskar det same når ein ojerigg blir plassert på fiskesklassen som når ein annan båt er komen til fiskesklassen for han. Fiskaren har ikkje hevd på ein spesiell fiskesklass, hevdar Feishner. Difor vart det heller ikkje enkelt å svara på kven som har mista rettar uttrå tradisjon.

I norsk lovgiving har ein likevel fleire døme på aksept for at bruken av visse fisketilt har vore avrensa til ei mindre gruppe av fiskarar frå eit spesielt område – og at lovverk som stengjer ute folk frå dette område gir dei rett til å krøve erstatning, på same måte som om dei hadde eigedommsrett til det tapte området.

## Internasjonal lov

Det politiske spørsmålet blir så om ei spesiell næring som til dømes fiskeria skal ha ein privilegert posisjon. Særleg vort dette brennbart når andre næringar som lever av å utnytte ressursar som ikkje er beskytta av eigedommsretten, ikkje har nokon liknande beskyttelse gjennom lovgiving.

Gjennom dei siste åra har det skjedd ei utvikling innan internasjonal lovgiving utvika seg. I Noreg har konflikten mellom fiskeria og oljeindustrien først og fremst vore oppatta som ein konflikt mellom norske fiskarar sine interesser, og interessen til norsk registrerte selskap som driv sene til norsk registrerte selskap som driv oljeutvinning i norsk jurisdiksjonsområde. Men konflikten berører også utlandskøe fiskarar som fiskar innanfor norsk økonomisk sone og i internasjonal farvatn. I Genøve-konvensjonen vort det lagt re-striksjonar på olje-industrien sitt tilhøve til fiskeria. Her vort det streka under at inn-grepa ikkje må vera urimelege, det må takast rimelig omsyn til andre brukarar sine interesser.

Noreg – og andre kyststatar – må gi fartøy frå andre land løyve eller lisens til å fiske innanfor deira økonomiske sone. At utendingar ikkje kan krøve å få fiske innfor 200 mil, får den konsekvens at dei heller ikkje kan krøve kompensasjon for tapte fisketilt, meiner Feishner. Heller ikkje norske fiskarar kan krøve kompensasjon med basis i internasjonal lovgiving. Slike erstatningskrav må følgje av den nasjonale norske lovgivinga. Mellom anna kan allemannsretten til ein viss grad gi rett til kompensasjon ved tap av område. Men det følgjer av internasjonal lovgiving at kyststatane må ta ansvar for

sine fartøy. Noreg – og andre kyststatar – må gi fartøy frå andre land løyve eller lisens til å fiske innanfor deira økonomiske sone. At utendingar ikkje kan krøve å få fiske innfor 200 mil, får den konsekvens at dei heller ikkje kan krøve kompensasjon for tapte fisketilt, meiner Feishner. Heller ikkje norske fiskarar kan krøve kompensasjon med basis i internasjonal lovgiving. Slike erstatningskrav må følgje av den nasjonale norske lovgivinga. Mellom anna kan allemannsretten til ein viss grad gi rett til kompensasjon ved tap av område. Men det følgjer av internasjonal lovgiving at kyststatane må ta ansvar for

## Aksept for 200 mils grensa



at natur-ressursar ikkje tar skade av fiskeri eller andre aktivitetar innafør sitt jurisdiksjonsområde.

I norsk lovgjeving finns reglane om ansvar og kompensasjon for tap av reiskap og fiskefelt i Petroleumsløven av 9. juni 1989. Noreg har etablert ein kompensasjonsordning til fiskarar for tap av reiskap og for tap av fiskefelt.

Fleisher stilte ope spørsmålet om retten til kompensasjon endrar seg når eit fiske vert konsesjonsbelagt? Bli det slik at ein konsesjon til deltaking i eit fiske også gir «eigedommsrett» til eit visst område?

### Erstatning

Avdelingsdirektør Arne Wåge gjekk inn på dagens kompensasjonsordningar for norske fiskarar for tap forårsaka av oljeverksemda. Historien bak denne erstatningsordninga går attende til 1974–75. Då klaga norske fiskarar over aukande forsøpling av botnen på deira tradisjonelle fiskefelt. Spesielt trålarar var plaga av at slepetau hang fast og vart slitne av. Det var vanskeleg å identifisere skadevoldaren, men i fleire tilfeller var det enkelt å

stadfeste at skadene var påført av utstyr frå oljeindustrien.

Hausten 1975 reiste fiskarane krav om erstatning til Staten. Den første erstatningsordninga vart etablert i juni 1976.

Denne første ordninga dekkja tap av reiskap, men ikkje tapt fisketidsom følgje av skaden. Erstatningsordninga gjaldt heile Nordsjøen. Frå 1981 har vi hatt ein erstatningsordning som også dekkjer tap av fisketid.

Det vart sett ned ei nemnd til å handsame søknadane om erstatning. Denne nemnda fungerte frå 1976 til 1990 og handsama i den tida 5371 krav om erstatning. I alt vart det betalt ut 65,5 millionar kroner i erstatning. Staten dekkja utgiftene til erstatningsordninga.

Fiskarane krov og erstatning for tap av fiskefelt på grunn av oljeaktiviteten. «Fleisher-utvalet» vart sett ned i 1980 for å vurdere dette, og deira konklusjonar vart langt på veg innarbeidd i Petroleumsløva.

### Rett til erstatning

Kapitel IV i petroleumsløva gir fiskarane rett til erstatning for økonomiske tap som dei er påført av oljeaktiviteten. Erstatning kan etter dette gjevast både for beslaglagde fiskefelt, forureining eller avfall som er komen frå oljeinstallasjonar eller er eit resultat av aktivitet knytt til etablering av desse som forårsakar skaden.

Erstatning for tap av fiskefelt kan gjevast av staten i dei tilfelle der fisket vert umuleggjort eller vesentleg vanskeleggjort. Slik erstatning kan fastsetjast heilt eller delvis som ein fast sum eller som ein faste årrelge summer. Det kan vanlegvis ikkje reisast krav når det er gått meir enn 7 år etter eit område er beslaglagt.

Når det gjeld forureining eller avfall er det rettighetsinnehavaren – det vil i praksis sei operatøren – som er ansvarleg for å betale erstatning. Rettighetsinnehavaren sitt ansvar omfattar og skade og ulempe som skuldast forureining og avfall frå supply-båtar og stand'by båtar og ting som måtte skje under flytting av installasjonar. Rettighetsinnehavaren er ansvarleg uansett om skaden skuldast feil gjort av han sjølv eller hans tilsette.

Det er viktig å understreke at det må vere sannsynleg at forureininga eller avfallet kjem frå oljeindustrien.

Erstatning skal også betalast når ein installasjon eller ein aktivitet knytt til etablering av slike installasjonar forårsakar skade – og den skadelidande part ikkje har rett til erstatning etter andre reglar.



Kyststatane har ansvaret for at natur-ressursar ikkje tar skade av fiskeri – eller andre aktivitetar som oljesøl innanfor sitt jurisdiksjonsområde.



### Ny nemndstruktur

Det er no to nemnder som handsamer erstatningssaker. Den eine nemnda tek seg av krav med bakgrunn i beslaglegging av fiskefelt. Den andre nemnda handsamar krav som kjem opp med bakgrunn i forureining, avfall og installasjonar som forårsakar skade.

Etter endringane i nemndstrukturen frå juli 1990, skal rekninga for skaden sendast til lisensinnehavar og ikkje lengre betalast av Staten. Det førte til at eit par oljeselskap har gått til sak for å unngå å betale for skaden. Desse sakene er no trekte attende. Wåge understreka at dette etter hans meining viser manglande vilje frå oljeselskapa til å få til tilfredsstillande ordningar.

Petroleumsloven sin regel er at rettighetsinnehavarane er solidarisk ansvarlege i saker der det ikkje er muleg å finne fram til skadevoldar. Ansvarlet dekkjer økonomiske tap. No har nemndene oppmoda oljeselskapa til å etablere eit fond på frivillig basis til dekking av slik tilfelle. Eit slikt fond hadde forenkla arbeidet med å finne ein ansvarleg part i saker som med stor sikkerhet skuldast oljeverksemda.

### Vanskeleg å identifisera

Eit problem for Erstatningsnemnda er at i 80-90% av det som kjem opp med tråla eller skadar fiskereiskap på annan måte ikkje er merka. Som ein illustrasjon kan nemnast at umder Oljedirektoratet si opprydding ifjor vart det teke opp 96 tonn med skrap, inkludert 7 wirar med ein diameter på 62 mm til 90 mm - totalt 63 1/2 tonn. Ingenting av det som vart teke opp var merka, men ein veit at oljeindustrien brukar denne typen utstyr. Desse tinga vart funne i eit område der ingen har lisens, eit område som heller ikkje har nokon stor trafikk av supply-båtar. Likevel kan vi sjå bort frå at nokon trålar har hatt slikt utstyr ombord.

Desse fakta har ført til at Erstatningsnemnda og Klagenemnda har uttrykt at erstatningsreglane som no gjeld ikkje er tilfredsstillande - verken for nemnda eller fiskarane.

Den store endringa i handsaminga av erstatningssøknadane ligg i at tidlegare var det Staten som tok det økonomiske ansvar, no er det lisensinnehavarane som skal betale. Vidare kan sakene først vidare til domstolen etter handsaming i klagenemnda.

Regelverket tilseier at lisensinnehavarane skal rydde opp etter seg når dei forlet eit borehol. Undersøkingar som Oljedirektoratet gjorde av havbotnen på slutten av 70 talet viste at det låg att utstyr frå boreoperasjonane over heile havbotnen. Dette stadfesta fiskarane sine klager over at havbotnen var forsøpla av oljeindustrien. Oljedirektoratet meiner no at oljeselskapa følgjer kravet i forskriftene om å rydde opp etter seg når boreoperasjonen er avslutta.

Det har vore sett av midlar på statsbudsjettet til oppryddingaaksjonar sinda 1980. Det er ingen tvil om at desse oppryddingane har gjort kvardagen lettare for fiskarane.

 Kari Østervold Toft

### 26. mai vert det avvikla eit seminar i Stavanger med tema:

**Erstatningsordninga til fiskarar - særleg om forureining og avfall frå petroleumsverksemda.**

**Seminaret har deltakarar frå Oljedirektoratet, Fiskeridirektoratet, Olje- og energidepartementet, Norges Fiskarlag og oljeindustrien.**

**Seminaret skal vere ei oppfølging av det nye regelverket for erstatning som vart teke i bruk 1. juli 1990.**



### Leie av fartøy for vågehval-forskning

Avdeling for Arktisk Biologi, Universitetet i Tromsø, skal i sommer gjennomføre et forskningstokt for studier av vågehval. Studiene omfatter radiomerking og deretter peiling og oppfølging av merkede dyr. Operasjonsområdet vil hovedsakelig omfatte farvannene vest for Svalbard. Toktet vil ha en varighet på 2 uker med opsjon på 1 uke, fra ca. 1. august 1992, med levering og tilbakelevering i Tromsø. Til dette toktet ønskes leiet et egnet fartøy.

*Det stilles følgende krav til utrustning og bemanning:*

- Registrert hvalfangstfartøy uten montert kanon.
- Øvet bemanning for observasjon av hval under kontinuerlig (24 timers) drift.
- Tilfredsstillende navigasjonsutstyr (satellitt).
- Mobiltelefon.
- Lugarplass for inntil 5 mann, i tillegg til mannskap.
- Lettbåt med fungerende motor.
- Mulighet for montering av antenner for radiopeiling i skipets master og plassering av peileutstyr (radiomottagere etc.) i bestikk og hydrofon i skipets baug.
- 220 V vekselstrøm; permanent anlegg (oppgi antall hjelpemotorer, samt generatorytelse).

Tidligere erfaring med vågehvalfangst i de angjeldende havområder og/eller tilsvarende forskningsaktivitet, vil bli tillagt stor vekt ved valg av fartøy.

Nærmere opplysninger gis ved henvendelse til Lars Folkow, Avdeling for Arktisk Biologi, Universitetet i Tromsø, telefon 083-44 792.

Skriftlig tilbud med leieforlangende basert på fri bunkers, med opplysninger om fartøyetets størrelse, maskinkraft, oljeforbruk/døgn og utrustning som nevnt over bes sendt til:

**Avdeling for Arktisk Biologi, Universitetet i Tromsø, Breivika, 9037 Tromsø, innen 10. juni, 1992.**



**Vidar Ulriksen:**

**– Vi må sjå**

**heilskapen**

**i**

**oljeutbyggingane**

**Vidar Ulriksen, nestleiar i Norges Fiskarlag konkluderte med at ingen norske fiskarar ønskjer oljeindustrien bort frå kontinentalsokkelen.**

**– Vi har alltid innsett verdien av oljeindustrien for landet. Men vi er opptekne av at oljeindustrien og fiskerinæringa skal kunne fungere side ved side, sa han.**

Fiskerinæringa og oljeindustrien konkurrerer om dei same område og til dels om dei same folka. Dette har sjølvstøtt ført til konflikter. – Men dei 25 åra vi har av røynsle med oljeindustrien har og ført til endra haldningar hos fiskarane, meinte Ulriksen.

Særleg i Nordsjøen har utbyggingstakten vore stor og fram mot år 2000 reknar ein med 100–150 nye installasjonar. –Vi står no framfor den 14. konsesjonsrunden, sa Ulriksen. – Eg vil advare olje-myndighetene mot å lyse ut oljeblokker som tidlegare har vore utlyst men ikkje vore vurderte som interessante.

Han peikte særleg på Troms II i tillegg til dei viktigaste tobisfeltene i Nordsjøen. – Desse fislefeltene er vesentlege for tobisfisket i Nordsjøen og overlevinga for Nordsjø-trålarane, påpeika Ulriksen.



I Nordsjøen har utbyggingstakten vore svært høg.

### Heilskap

Norges Fiskarlag har stadig understreka at konsekvensanalyser må ha eit heilskapleg perspektiv. Einskildståande konsekvensanalyser gir ikkje noko rett bilete av situasjonen, alle utbyggingar må sjåast i samanheng og alle aktivitetar knytt til utbyggingane må inkluderas. Oljeindustrien meiner dette er eit metodisk problem, i tillegg til at operatørane ikkje har ansvar for det som skjer utanfor deira blokk.

Ulriksen påpeikte at utbygginga i Nord-

sjøen har foregått i 20 år utan at det er gjort nokon totalanalyse av konflikta- ne knytt til miljøet og fiskeria. –Det er difor på tide å få etablert eit informativt forskningsprogram som kan gi oss fakta om effektane oljeutvinninga har på miljøet. Vidare bør det etablerast ein nasjonal database med opplysningar om kjemikalier, bore-væsker, olje og sotutslipp slik at det er muleg å få eit totalt bilete av alle marginale endringar, sa Ulriksen, som meinte det offentlege må ta ansvar både for forskninga og databasen.

Ulriksen lista opp ei rekkje data som



bør vere å finna i ein slik database i tillegg til oversyn over utsleppa. Mellom anna fiskeristatistikk og oversyn over sikkerhetssonar og stengde felt. –Vi har allereie i dag eit samarbeid gjennom AKUP (Arbeidsgruppen for Konsekvensutredninger av Petroleumsvirksomheten), det bør danne basis for arbeidet som må gjerast, sa Ulriksen.

### Seismikk

– Seismisk aktivitet skremer fisken, hevda Ulriksen. Fiskarane får problem fordi fisken forsvinn frå elta, men verre er det at vi ikkje veit nok om kva effektar seismisk skyting har på resten av livet i havet. Fiskarane – og forvaltninga – er opptekne av at «føre var»-prinsippet vert brukt når det skal gjevast løyve til å gjennomføra seismiske undersøkingar. Det bør vere sjølsagt at ein er svært forsiktig i gyteperiodar og når det er mykje egg og larvar i eit område.

– Vi føler det som ein provokasjon når oljemyndighetene hevdar at det ikkje finns pålitelege forskningsresultat å byggja på og gir løyve til skyting sjølv om Havforskningsinstituttet har gått imot, sa Ulriksen. Han meinte at fiskerimyndighetene burde ha mykje meir å sei i beslutningsprosessen – for kven andre tar ansvar for biologiske aspekt? spurde han.

### Forsøpling

Fiskarane har hatt store økonomiske tap som skuldast forsøpling av havbotnen. Trass i at Petroleumslova har plassert ansvaret for forsøpling på rettighetshavarane, opplever fiskarane at oljeselskapa ikkje tar dette ansvaret. Ulriksen viste til dei to sakene som vart anka inn for domstolen, men som no er trekt attende.

Oljeselskapa sine anker på avgjerdene i klagenemnda har ført til at denne nemnda har lagt arbeidet sitt på is, og ventar på resultatet av oppsummeringsseminaret i Stavanger.

Norges Fiskarlag opplever at det nye systemet ikkje fungerer godt nok, og at det til sjuande og sist er fiskaren som taper på det.

### Fiskarane skal ha erstatning

Fiskarlaget sitt prinsipielle standpunkt har alltid vore at fiskarane skal ha erstatning for tapa når oljeverksemnda overtar

fiskefelt. Dei er difor nøgde med at Petroleumslova gir lovreglar om ei erstatningsordning. Dette blir sett på som ein tendens til utvida lovbeskyttelse av fiskarane sine tradisjonelle rettar. Men Fiskarlaget er svært misnøgde med finansieringsmåten Staten valde. Fleisher-utvalet foreslo at ansvaret for å føre ei sak og saksomkostningane burde vere Staten sitt ansvar og burde finansierast gjennom etablering av eit fond.

Fiskarlaget er og misnøgde med at det er sett ei grense på 7 år for å søkje erstatning etter tap av fiskefelt. Fordi det tar tid å tilpasse seg og å prøve ut nye områder, meiner Fiskarlaget at tidsramma burde vore vidare. Dei er heller ikkje nøgde med at det ikkje kan søkjast erstatning for tap av fiskefelt før 1. juni 1985. Fiskarlaget hevdar at det ikkje er i strid med grunnlova å datere tilbake tap utover 7 år fordi Staen påtok seg å etale erstatning.

– Med den lova Stortinget vedtok har dei plasert byrda på fiskarane. Frøst vert vi trengde bort frå våre område, deretter må vi ta belastninga med å dokumentere tapa, slo Ulriksen fast.

### Undervassinstallasjonar

Vidar Ulriksen uttrykte bekymring over den auka bruken av undervassinstallasjonar. Han understreka kravet om at alle undervassinstallasjonar skal vere overtrålbare og at det ikkje skal etablerast sikekrhetssonar rundt desse installasjonane.

– Vi har tiltru til at Kommunal- og Arbeidsdepartementet vil føra ein restriktiv politikk i slike saker. Viss ikkje kjem fiskerinæringa til å lida store tap, sa han.

### Fjerning av riggar

Norges Fiskarlag meiner at Noreg er bunden av Geneve-konvensjonen av 1958 der det heiter at alle installasjonar som er stengde eller ikkje lengre vert brukte må fjernast heilt. Dette kravet vart modifisert i Havrettstraktaten av 1982, ein traktat som ikkje er ratifisert av Noreg.

Her til lands har ein ikkje kunna samlast om at Geneve-konvensjonen gjeld i alle saker. Havrettstraktaten tillet delvis fjerning med utgangspunkt i ei vurdering av fysisk og marint miljø, djup og storleik på installasjonen. Med utgangspunkt i Havrettstraktaten vedtok IMO lovreglar for fjerning av riggar hausten 1989. Desse reglane tilseier at riggar med mindre enn 75 meter djup og vekt under 4.000 tonn skal fjernast. På norsk sokkel vil det føre til at 3 riggar vert fjerna.

Norges Fiskarlag er redd for at desse IMO reglane vil gli inn i det norske regelverket. Pertoleumslovkomiteen meiner at reglar om dette kan vere klare i inneverande år.

– Sett frå fiskarane sitt synspunkt er forslaget om berre å flytte installasjonar ned til eit visst djup det verste som kan skje. Det ser vi på som ansvarsfraskrivning frå Staten si side, slo Ulriksen fast.

Fiskarlaget er misnøgd med ei grense på 7 år for erstatningssøksmål for tap av fiskefelt.





# Fiskeri og seismikk – kva veit vi?

**Seismisk undersøkjing av havbotnen er nødvendig for å få oversikt over kor olje og gass er å finna i berglaga. Det er klart at trykkbølgjene kan påverka livet i havet på forskjellige måtar på sin veg gjennom sjøen. Havforskarane meiner det bør opprettast sikkerhetssonar for å beskytta gytefisk – og at vi må rekne med betydelege reduksjonar i fangstrater i område med seismisk aktivitet.**

Det er gjort ein del forskning for å finna svar på kva konsekvensar seismisk aktivitet har på fisken. På kva måte og i kva utstrekning blir fisken påverka? Kva kan i tilfelle gjerast for å minimalisere skadelege effektar på fiskeressursar og fiskeria?

Direktør Odd Nakken ved Havforskningsinstituttet understreka i sitt foredrag på Petro PISCIS at seismisk aktivitet kan påverke fiskebestandane enten ved at fisken vert skada eller ved å ødeleggje plankton organismane som fisken beitar på. – Vi har forskningsresultat som påviser direkte skader på egg, larvar, småfisk og vaksen fisk, *men* vi veit ingenting om indirekte effektar, slo Nakken fast.

Nakken gjekk inn på resultatane frå forskinga som har vore gjort for å finna fram til skader på ein del fiskeslag og for å kvantifisere dødeligheten luftkanonskyting påfører egg og larvar. Forskningsresultata varierer frå skader på larvar i opp til 5 m. avstand frå luftkanona til inga dødelighet. Dei seinaste resultatane frå norsk forskning viser skader på eldre yngel av torsk, sild og brisling inntil 1,3 m. frå kanona.

I 1991 vart det bestemt å sjå nærare på konsekvensane av seismisk aktivitet på fisk. Spørsmålet forskarane no stiller er: Kan skyting med luftkanoner auke dødeligheten på egg og larvar? For å linna svar på dette ser ein no både på korleis luftkanonene vert opererte under eit tokt og korleis fordelinga av egg og larvar er.

Det ser ut til at fisken oppdagar luftkanonskot på store avstandar og unngår fartøyet når det nærmar seg. Evna til å unngå farer er knytt til storleiken på fisken. – Vi veit at fisk større enn 30–50 mm har symjekapasitet til å halde seg

på trygg avstand. Difor reknar vi og med at skader som skuldast seismisk aktivitet berre er å finna på egg og larvestadiet.

Havforskarane sin konklusjon er at seismisk aktivitet kan forårsaka død hos egg og larvar. Difor meiner dei at ein må vere forsiktig, og avgrense seismiske undersøkingar i område og på tider der det står mykje egg og larvar høgt i sjøen. I den såkalle HELP-rapporten som vart utgitt av Havforskningsinstituttet i 1991, er det oversyn over gyteområde, larvane sitt driv-mønster og veksten hos larvane. Med utgangspunkt i den kunnskapen forskarane har skaffa seg gjennom egg- og larveprogramet tilrår dei kriterier som bør nyttast ved planlegging og utføring av seismiske undersøkingar i norske farvatn.


## Atferdsending

Forskarane reknar med at større fisk si evne til å unngå farer, gjer sitt til at den ikkje vert skadd direkte av seismisk aktivitet. Men når fisken vert skremd kan det føre til at gyttinga vert forstyrra og til redusert fangst fordi fisken forsvinn frå tradisjonelle fiskefelt. Sjølv sagt kan dette føra til konflikter.

Tidlegare forskning har vist at fisk reagerer på lav-frekvens lyd frå 50–3000 Hz, og den kan registrere retninga på lyden ganske godt.



Data frå eksperiment som er gjort indikerer ein reaksjonsdistanse frå ei full rekkje luftkanonar på meir enn 30 km. frå kjelda. Farereaksjon som fører til at fisken trekkje seg attende reknar ein med

Skisse av tilhøva i havet under eit seismisk tokt.






# M/Tr SVINØY, aug 1991




Fangstrater i rekefisket før, under og etter eit seismisk tokt.

# M/Tr "Båragutt"



Fangstar, rekefisket før, under og etter eit seismisk tokt.





finns i området frå 1 - 5 km. frå kanonrekkeja.

Ut frå dette meiner forskarane det er fornuftig at fisk som gyter ikkje må forstyrast slik at den forlet gyteområda. Dei konkluderer vidare med at seismisk aktivitet difor ikkje bør tillatast nærare gyteområdet enn 60 km.

Ei rekke forskningsrapportar stadfestar at det innafør reaksjonsdistansen frå eit seismisk tokt vil vere redusert tettleik av

fisk fordi den unngår det seismiske system. Mellom anna har Dalen & Raknes påvist ein gjennomsnittleg reduksjon på 36% i mengda av botnfisk innafør eit område med seismisk aktivitet. Løkkeborg fann i 1991 ein gjennomsnittleg reduksjon på 50-80% i fisket etter torsk med line utanfor Nord-Noreg under eit seismisk tokt. Soldal og Løkkeborg har funne opp til 90% fangstreduksjon i torskefiske i eit område nær eit seismisk

tokt, men det vart ikkje påvist reduksjon i rekefangstane.

Havforskningsinstituttet skal i år gjennomføre eit fullskalaforsøk for å undersøkje atferdsreaksjonar hos fisk og fangstsuksess med line og trål i eit område der det føregår seismisk aktivitet.

FG Kari Østervold Toft

**Peter Ørebech:**

## Erstatning – på kva grunnlag?

–I kva grad har fiskarane rett til erstatning for tap av område? spurde advokat Peter Ørebech. Han gjekk inn i norske lovar og reguleringar.

Norsk rett på olje/fisk- området er ein kombinasjon av skrevne lovar og sedvanerett. Til skilnad frå til dømes England, vert det her til lands lagt relativt stor vekt på skrevne lovar. Men når det gjeld regulering av bruk av havet, er det sedvaneretten som vert lagt størst vekt på. Dette skuldast, ifølgje Ørebech, at norske lovgjevarar har vore lite villige til å ta ei avgjerd på korleis konflikten mellom olje- og fiskeriinteresser bør løysast. Dette fører til at konflikter mellom dei to partane har blitt løyst ved tolking av forskjellige lovar og reguleringar.

### Oljelovgjevinga er grunnlaget

I dag er det lovverket som regulerer oljeverksemda som først og fremst vert brukt i tilhøvet mellom olje og fisk. Dessutan må naboloven sine reglar om tilhøvet mellom naboar brukast som prinsipp for tilhøvet mellom interessegrupper.

Ved Kongeleg resolusjon av 10. august 1984 vart fire paragrafar i Saltvannsfiskerilova gjort gjeldande «oså for andre aktivitetar så langt dette er overførbart». Saltvannsfiskeloven sin paragraf 14 som omhandlar aktsomhet gjeld og oljeindustrien.

Kravet om å skaffe seg kunnskap om kvar fiskereiskap står og å manøvrere slik at fiskereiskap ikkje vert øydelagt eller fiskeriaktivitet vert hindra, gjeld alt mobilt utstyr – ikkje faste installasjonar. I lovteksten er det berre nemnt unødvendige manøvrar. Dette må sjåast i samanheng med vanleg oppfatning av kor grensene går.

Vidare er det eit uttrykt forbod mot «å hindre eller øydeliggje fiskemuligheter ved å skyte, lage støy eller liknande». Ørebech hevdar at seismiske undersøkingar kan ha slike konsekvensar at den vil bli berørt av denne regelen i Saltvannsfiskeloven. –Saltvannsfiskeloven omfattar berre pågåande fiskeri, det ligg ikkje inne nokon beskyttelse for potensialet i framtida. Difor er det viktig at seismisk aktivitet vert lagt til tider på året utan fiskeriaktivitet, påpeikar Ørebech. Men han understrekar at tilfelle der fisk rømer frå eit område på grunn av seismisk aktivitet ikkje fell inn under Saltvannsfiskeloven sitt område.

Saltvannsfiskeloven sin vikepliktregel får også konsekvensar for oppankring av plattformer. Denne regelen medfører at ein rigg ikkje kan plasserast i eit område der det føregår fiskeri, før det pågåande fiske er avslutta. Men reglar om etablering av sikkerhetssonar rundt bore- og produksjonsinstallasjonar forbyr fiske i desse områda. Difor vil kravet om vikeplikt for fiskeriaktivitet ikkje gjelde oljeriggar, borefartøy og andre installasjonar.

Andre lovreglar som får betydning for tilhøvet mellom oljenæringa og fiskeria er sjøvegsreglane, miljølovgjevinga og hamneloven.

Det er ikkje enkelt å få oversikt over lovgjevinga som regulerer tilhøvet mellom olje og fiskeri. Det skuldast at områda i lovverket er regulert kvar for seg og dessutan er regulert gjennom fleire lovar innafør kvart område. Situasjonen gjer det vanskeleg å vere sikker på sine lovlege rettar. Dette er kostnaden som må inkluderast i inngangsbileten.

FG Kari Østervold Toft

# Undervassinstallasjonar må tilpassast fiskeria

**Det er eit krav at undervassinstallasjonar skal vere overtrålbare og det vert i prinsippet ikkje gitt løyve til å etablere sikkerhetssonar rundt slike installasjonar.**

**Sett frå fiskerisida er installasjonane ikkje tilfredsstillande utforma og ein ønskjer seg ei meir fiskerivenleg form på dei.**

Fagkonsulent Bjarne Schultz drog på Petro Piscis opp problema fiskarane har med undervassinstallasjonar, enten det er mellombels forletne borehol, beskyttelsesstrukturar eller rørleidningar. Problema varierer sjølvsgagt og med kva type reiskap fiskarane nyttar. Det er først og fremst trålarane som har problem med at reiskap vert hengjande fast i strukturar på botn.

Bruk av undervassinstallasjonar vert stadig meir aktuelt ettersom oljeselskapa ønskjer å byggja ut marginale område. Svært ofte ligg desse områda på viktige fiskefelt.

I norsk sektor har ein no 41 forletne borehol, 35 i Nordsjøen og 6 på Midtnorsk sokkel. Nokre av desse vart forletne allereie i 1980 og ein kan då sjølvsgagt spørja om desse framlei er «mellombels forletne».

Mellombels forletne borehol utgjer ei fare for skade på eller tap av reiskap. Det er sannsynleg at ei fastkøyning i restar av borehol vil føre til tap av delar eller heile reiskapen. I tillegg vil ein få tap av fangsttid.

Fastkøyning av tråleriskap vil og kunne gjere stor skade på det som står att på botn slik at det – i verste fall – ikkje kan nyttast seinare.

Mellombels forletne borehol skal meldast frå om gjennom «Etterretning for sjøfarande» og i tillegg skal dei markerast med bøye. Trass dette kan det oppstå situasjonar der fartøy køyrer fast tråla i innretninga på botn. Å finna fram til fartøyet som har køyrt fast reiskapen i innretninga er vanskeleg fordi reiskapen



ikkje har noko identifiseringsmerke. Fiskereiskap kan ikkje forsikrast, slik at det heller ikkje er mogeleg å finna fram gjennom forsikringsselskapa.

Sett frå fiskerisida ville det vore ein fordel for dei einskilde selskap å lage ein trålavvisar til å setje på innretninga. På sikt meiner Bjarne Schultz at ein ved å konstruere ein trålavvisar som er 100% effektiv, vil måtte vurdere kravet til markeringbøye.

Når ein snakkar om beskyttelsesstrukturar kan det vere einskildbrønner, samling av fleire brønner med ventiltreutstyr og berre ventiltreutstyr for vidarelevering av olje og gass. Dei er forskjellige i storleik og utforming.

Loven set krav om at dei skal vere overtrålbare og det er ikkje nok at dei er trålsikre slik at installasjonen ikkje vert skada. For trålarane består problema i å få tråldørene til å passere og å få sjøve tråla til å passere.

Det er viktig at det vert teke omsyn til dei ulike dørtypane og storleiken på desse når ein skal konstruere beskyttelsesstrukturar. Strukturane må ha ei utside utan små eller store «utspring» som kan føre til tap av heile eller delar av trålen.

Under plasing av rørleidningar må ein ta omsyn både til traseen røret skal gå i, anleggsarbeidet og driftsfasa. Prosjektet «overtråling av rørleidningar» som art gjennomført i 1988 viste at ei trål som



passerte rørleidningen med ein vinkle på meir enn 45° ikkje hadde problem med å passere. Var vinkelen mindre var det vanskeleg å få tråldørene over røret og tråla vart difor deformert.

Konsekvensen av desse resultatane må vere at i område der ein har faste trålrøtningar basert på bunntopografiske tilhøve må plassere rørleidninga mest mogeleg på tverrs av trålrøtninga.

Forsøka i 1988 vart gjennomførte med rørleidningar med diameter på 30" og 28". I Nordsjøen skal det no brukast 36" og 40" rør og data frå forsøket i 1988 kan ikkje utan vidare overførast til denne storleiken.

I anleggsarbeidet vil det vere betre å bruka eit direkte posisjonert fartøy framfor eit ankerfartøy. Grunnen er at eit ankerfartøy vil lage ei rekkje groper og sedimenthaugar, noko som vil føre til store endringar i bunntopografien. Truleg tar det fleire år før tilstanden på botnen er attende til det normale.

Det faktum at det ikkje er mogeleg å drive eit fiske i nærleiken av eit leggjeområde i anleggsfasa er negativt for fiskarane, men det er eit forbigåande problem.

Korleis rørleidningane vert skøytt vil og ha betydning for om dei kan trålast over framover. «Mastic» betyr at ein brukar forskaling og stålband, noko som kan skade fiskereiskapen.

Ein har arbeidd med alternative måtar å skøyte røra på, og magnesium har vore prøvd. Dette fordi magnesium oppløyser seg fort i sjøvann. Det vert og arbeidd med alternative material som gjer at ein kan frigjere forskaling og stålband frå rørleidninga før den forlet fartøyet.

Elles påpeikte Bjarne Schultz at det er viktig å unngå at leidninga ligg i frie spenn og at nedgraving av leidninga vil kunne hindre skade på røret av tråldører. Stein-dumping meinte han bør vurderast i kvart einskild tilfelle, avhengig av korleis fiskerilaktiviteten er i dei aktuelle områda.

Fiskeridirektoratet har ingenting å sei på oppretting av sikkerhetssonar. Men når det gjeld avgrensingssonar har ein store motforestillingar. Haldninga er at når ein installasjon er overtrålbare er det ikkje logisk å opprette avgrensingssonar. Oljeselskapa signaliserer no at beskyttelsesstrukturane som er i bruk er tilfredsstillande utforma. Trass dette vert det framleis søkt om avgrensingssonar, noko som kan tyde på at selskapa ikkje er trygge på at konstruksjonane er overtrålbare.

Ei rekkje forsøk har vore gjort det siste ti-året for å vurdere overtråling av beskyttelsesstrukturar. Det er enno ikkje utført

noko fullskalaforsøk, noko som gjer at vi ikkje har fullgod informasjon om til dømes straumtilhøve to bunntopografi. Bjarne Schultz føreslo at oljenæringa, fiskeria og forvaltninga skal gå saman om å få til eit fullskalaforsøk og han lova at Fiskeridirektoratet skal ta initiativ til eit slikt smaarbeid.

Frå Fiskeridirektoratet si side har ein i fleire år uttrykt ønske om at brønner og produksjonsutstyr vert plasserte nede i

ein silo på havbotnen. Dette har oljeselskapa ikkje funne har vore mogeleg, men no har Saga utvikla eit konsept i tråd med Fiskeridirektoratet sine tankar til bruk på Vigdis-feltet. Dei kjem og til å byggje ut på denne måten på Tordis-feltet.

FG Kari Østervold Toft

# – Det går bra!

**– Fiskerinæringa og oljeverksemda må kunne eksistere saman. Dette er grunnlaget for vår oljepolitikk, lovgjevinga vår og heile forvaltninga av oljenæringa, sa statssekretær Gunnar Myrvang i Olje- og Energidepartementet.**

Han framheva konsekvensanalysen som vert gjort i forkant av utvinnings- og boreaktivitetar som det viktigaste grunnlaget for avgjerd om utbygging. –Fiskeria får ein brei og grundig gjennomgang i ein slik prosess, sa han.

Myrvang var og innom seismikken sin rolle. Han påpeika at ein no har etablert prosedyrar for å unngå områdekonfliktar. Men: – Så vidt eg veit, er det ikkje doku-

mentert at seismisk skyting gjer større skader på fisk, sa han.

For å gjere konfliktane minst mogeleg meiner oljemyndighetene at det er viktig med utveksling av informasjon og god kontakt mellom dei forskjellige miljøa. – Til dømes har Fiskeridepartementet og Olje- og energidepartementet nær kontakt for nye blokker vert lyst ut. Vi ta og spesielle omsyn ved tildeling av nye blokker for å ta vare på fiskeriinteressene, understreka Myrvang.

Han peika og på at fiskeriinteressene vert ivaretekne både i utviklings- og produksjonsfasa. Mellom anna vert det gjort gjennom ein analyse av miljøkonsekvensane ei utbygging har og ved å konstruere rørleidningar og installasjonar som skadar minst mogeleg.





## Seismikk-skyting skræmer fisk

**Seismiske granskingar årsakar betydelege fangstreduksjonar for både trål og linereiskap. Det viser eit nyleg avslutta forsøk Havforskningsinstituttet har gjennomført med tre fiskefarty og eit seismikkfarty på Nordkappbanen.**

– Vi registrerte ein nedgang i fangstane, av særleg torsk, innanfor heile forsøksområdet ut til tjue nautiske mil frå seismikk-skytinga. Størst var fangstreduksjon for trål, oppi sytti prosent nedgang i nærleiken av den seismiske aktiviteten, opplyser toktleiar Arill Engås, forskar ved Havforskningsinstituttets Fangstseksjon.

For linefartyet gjekk fangsten av storvaksten torsk ned i forsøksområdet.

Seismikk-skytinga vart utført

med eit ordinært luftkanonoppsett for såkalla tre-dimensjonale seismiske granskingar. Fiskemengda i forsøksområdet på førti ganger førti nautiske mil vart målt fem døgn før seismikk-skytinga tok til, under sjølv skyteforsøket og fem døgn etter at seismikk-skytinga var avslutta.

– Fiskefangstane var framleis klart lågare fem døgn etter avslutta skyting samanlikna med fangstane før den seismiske aktiviteten tok til, fortel forskar Arill Engås ved Havforskningsinstituttet.

## Unngå konflikt-situasjonar

– Fiskeridirektoratet vil ikkje tilrå at seismiske undersøkingar blir utført til tider og i områder der det er stor fiskeriaktivitet eller der det finns store mengder av sårbare marine organismar.

– Dette slo konsulent Gunn Karin Karlsen frå Fiskeridirektoratet fast. Ho understreka at Olje- og energidepartementet kan stoppe eit seismisk tokt, sjølv om set er gitt kartleggingsløyve i 3 år.

Fiskeridirektoratet skal ha orientering om eit tokt seinast 5 veker før oppstart. Oljeselskapa er ikkje alltid flinke til å halde denne fristen. Både fiskerisjefane og Havforskningsinstituttet er høyringsinstansar for Fiskeridirektoratet.

Petroleumslova seier at oljeretta verksemd ikkje unødvendig eller i for stor grad må hindre fiske. Fiskeridirektoratet meiner at aktivitet knytt til oljeverksemda er unødvendig dersom den kan gjennomførast til andre tider eller på andre stader utan å påføre fiskerinæringa økonomiske eller praktiske problem.

FG Kari Østervold Toft



## Leie av fartøy for forskningstokt til Vesterisen

Avdeling for Arktisk Biologi, Universitetet i Tromsø, skal i år gjennomføre et tokt til Vesterisen for å foreta studier av klappmyss og grønlandsssel. Studiene forutsetter levendefangst av sel i hårfellingslegrene. Toktet vil ha en varighet på inntil 3 uker fra ca. 10. juli, 1992, med levering og tilbakelevering i Tromsø. Til dette toktet ønskes leiet en egnet skute.

Det stilles følgende krav til utrustning og bemanning:

Isforsterket fartøy for operasjon i tett drivis.

Tilfredsstillende navigasjonsutstyr (satellitt).

Lugarplass for inntil 5 mann i tillegg til mannskap.

Fangstbåt med walkie-talkie kommunikasjon.

220 V vekselstrøm; permanent anlegg (oppgi antall hjelpemotorer, samt generatorytelse)

Tidligere erfaring med fangst/merking av grønlandsssel og/eller klappmyss i hårfellingslegre vil bli tillagt stor vekt ved valg av fartøy.

Nærmere opplysninger gis ved henvendelse til Lars Folkow, Avdeling for Arktisk Biologi, Universitetet i Tromsø, telefon 083-44 792.

Skriftlig tilbud med leieforlangende basert på fri bunkers, med opplysninger om fartøyets størrelse, maskinkraft, oljeforbruk/døgn og utrustning som nevnt over bes sendt til:

**Avdeling for Arktisk Biologi, Universitetet i Tromsø,  
Brevika, 9037 Tromsø, innen 10. juni, 1992.**



## – Nå må fiskeri-interessene bli respektert av oljemyndighetene

